

Hillesvåg Ullvarefabrikk AS
v/Øyvind Myhr
Leknesvegen 259
5915 Hjelmås

Lindås kommune
Næringsfondet
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Søknad om stønad til industriutvikling for Hillesvåg Ullvarefabrikk AS

Innhald

1. Personalialia for ansvarlege i Hillesvåg Ullvarefabrikk AS
2. Skildring av verksemd og prosjekt
3. Økonomisk situasjon, årsrapport og siste års rekneskap
4. Finansieringsplan og kapitalbehov, konkretisering av beløp
5. Framdriftsplan for prosjektet

1. Personalialia for ansvarlege i Hillesvåg Ullvarefabrikk

Øyvind Myhr, dagleg leiar. Fødselsdato: 19.12.1965
Leknesvegen 261, 5915 Hjelmås. Telefon 900 10 921

Arild Myhr, produksjonssjef. Fødselsdato: 14.06.1967
Leknesvegen 257, 5915 Hjelmås. Telefon 992 26 525

Gunnar Myhr, styreleiar. Fødselsdato: 02.09.1933
Leknesvegen 252, 5915 Hjelmås. Telefon 951 47 066

2. Skildring av verksemd og prosjekt

Hillesvåg Ullvarefabrikk søkjer om stønad til industriutvikling i forbindelse med verksemda si satsing som Economusee.

Om Hillesvåg Ullvarefabrikk

Hillesvåg Ullvarefabrikk vart etablert i 1898 og har i dag 18-20 tilsette. Det er ei tradisjonsrik familieverksemd som i dag vert driven av fjerde generasjon. Fabrikken produserer

handarbeidsgarn og karda ull til toving og er anerkjend for si høge handverksmessige kvalitet. Hillesvåg Ullvarefabrikk er unik fordi den er den einaste tekstilbedrifta i landet som har over 100 år gammalt produksjonsutstyr intakt og i full drift.

Hillesvåg Ullvarefabrikk Economusee er medlem av Norsk Kulturarv.

Hillesvåg Ullvarefabrikk Economusee søker om å bli innehavar av Olavsrosa.

Om prosjektet Hillesvåg Ullvarefabrikk Economusee

Eit Economusee er eit konsept der ein kombinerer kultur, handverk og turisme for å skapa eit meir bærekraftig økonomisk grunnlag for verksemda, slik at tradisjonelt handverk skal kunne overleve og skapa nye arbeidsplassar.

I 2012 starta Hillesvåg Economusee prosjektet med eit mogelegheitsstudie (sjå vedlegg, Hillesvåg Wool Spinning Mill Feasibility study). Byggjearbeidet for å leggje tilrette starta i mars 2012. Byggjearbeidet vart avslutta 31.oktober 2013. Hillesvåg Ullvarefabrikk Economusee vart opna 1. November 2013.

Fabrikkbygningen er oppgradert og bygd om for å betra logistikken og forholda for dei besøkande og dei tilsette. Det er 6 komponentar som skal ivaretaast i eit Economusee: 1) resepsjon og velkomstområde, 2) produksjons/verkstadsområde, 3) det historiske område, 4) område for nyskaping innan handverket, 5) informasjons- og dokumentasjonsområdet, og 6) butikken/salsområdet.

Marknaden for verksemda og prosjektet

Hillesvåg Ullvarefabrikk er ein industribasert og kulturbasert arbeidsplass. Me har i dag sal til produsentar, butikkar, privatpersonar og institusjonar. Me har også samarbeid med husflidslag, skular og høgare utdanningsinstitusjonar.

Economusea i Noreg vart i 2011 eit kompetanseprosjekt for kulturformidling i regi av NCE- Norwegian Center for Excellence for reiseliv på Vestlandet. Hillesvåg Ullvarefabrikk er det åttande Economusee i Noreg og det sjuande i Hordaland.

NCE Reiseliv – Fjord Norway har inngått partnarskapsavtale/kontrakt med Economusee prosjektet/nettverket v/Hordaland fylkeskommune.

NCE Reiseliv har vist stor interesse for bedrifta og har konkrete planer om å leggje turar innom fabrikk. Me vert omtala som et «reiselivsprodukt» og dei ynskjer å kopla Hillesvåg på ERIH-ruta frå Bremanger til Sauda med Tyssedal som ankerpunkt. Dette er eit nasjonalt pilotprosjekt for kulturminne og verdiskaping. ERIH = European Route of Industrial Heritage www.erih.net. Det er kombinasjonen kulturminne, moderne produksjon og auka verdiskaping gjennom reiseliv som er målet og tanken bak prosjektet.

Under Unesco's verdskonferanse i Bergen 24-26. mars 2014, vert det dagstur til Hillesvåg Ullvarefabrikk Economusee og Lyngheiseret. Det er UiB som er vertskap for denne konferansen og vi syns det er svært gledelig at dei vil besøkje oss, noko vi ser på som ei anerkjenning.

3. Økonomisk situasjon, årsrapport og siste års rekneskap

Sjå rekneskap for år 2012 og årsrapport vedlagd.

4. Finansieringsplan og kapitalbehov samt konkretisering av beløp

Finansieringsplan

Utgifter har vorte finansiert fortløpande ved bruk av kassakreditt.

Kapitalbehov

Fabrikkbygningen er oppgradert og ombygd for å betra logistikken og forholda for dei besøkande og dei tilsette. I 2. etasje er det gamle lageret/pakkeområdet utvida og bygd om til mottakssenter for omvising, formidling og butikklokale.

Kostnad med prosjektet kr. 1.007.087 (eks. Mva og eiga innsats).

Det vert søkt om kr. 500.000 til investeringar i prosjektet.

Kostnadspostar/Arbeid	Firma	Sum eks. mva	Sum inkl. mva
Tømrararbeid / materiell	Nepstad Bygg AS	Kr. 857.459	Kr. 1.071.824
Div. maling	Byggtapetserer - Frank Georg Fosse	Kr. 1.039	Kr. 1.299
Div. maling	Coop	Kr. 1.292	Kr. 1.615
Rørleggjararbeid / Sprinklaranlegg / div.	Comfort Knarvik - Haugland VVS	Kr. 33.355	Kr. 41.694
Lysarmatur / reolar	Jula	Kr. 9.892	Kr. 12.365
Lysarmatur	Mega Flis	Kr. 3.146	Kr. 3.932
Elektrisk installasjon	Helland Elektro AS	Kr. 66.704	Kr. 83.380
Hyllar / reolar	Glass Thomsen	Kr. 4.800	Kr. 6.000
Hyllar / reolar / div.	Ikea	Kr. 17.462	Kr. 21.827
	<u>Sum eks. eiga innsats</u>	<u>Kr. 1.007.087</u>	<u>Kr. 1.258.859</u>
Arbeidstimar 300 timar à kr. 380,-	Eiga innsats	Kr. 114.000	
	<u>Totalt</u>	<u>Kr. 1.121.087</u>	

Rekneskap for prosjektet.

Sjå rekneskap for prosjektet vedlagd.

5. Framdriftsplan for prosjektet

2012: Mogelegheitsstudie og byggjearbeid starta.

2013: Opning av Hillesvåg Ullvarefabrikk Economusee 1. november 2013.

2014: Hillesvåg Ullvarefabrikk AS har tilsett ein ny medarbeidar i 100 % stilling som skal jobbe vidare med utvikling av Economuseet, omvising og formidling. Vi tar sikte på å tilsetje endå ein i løpet av året som følgje av fleire besøkjande og auka omsetnad.

Vedlegg:

1. Hillesvåg Wool Spinning Mill Feasability study
2. Rekneskap og årsrapport for 2012
3. Rekneskap for prosjektet

Hjelmås, 24. februar 2014

Øyvind Myhr
Hillesvåg Ullvarefabrikk